Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Høytransport | Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Suldal

Emne: | Bygdelag:

Oppskr. av: Johan Vetrd | Gard:

(adresse): Suldal | G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Det er vel ingen bygd i Rogaland som har slie så mykje i heiane og liane som i Suldal. Her er heiar på alle kantar, og mykje god slått i heiane, og i liane med.

Det har minka av med heieslåtten no dei siste åra, sidan det er so vanskeleg å få leige folk. Men i grendene Kvilldal, Bråtveit, Hamrabø, Litlelamene og Bleskestad er det ennå vanleg å vere 2-3 veker i heia på slått. Alle desse grendene ligg kring Suldals-vatnet, altså i øvre luten av bygda. I nedre luten av bygda er det heilt slutt med både heieslått og lieslått.

Men alt til ikring 1900 var det ålment med slått både i hei og li. Og

100

det gjekk gjetord av ein
god slåttekar. Det galdt
om å gjera så ljåen akte
seg for steinar og anna som
kunne skjemma ljåen.

Knut Smeavikjo i Brå-
teit var namngjeten slåtte-
kar. Han var husmann.
Men ein sumar flutte han
frå Vetrhus. Det var før
han sette seg til i Smea-
vikjo. Då slo han ei heil
veke med same ljåen
– og raka seg med ljåen
då laurdagen kom! Knut
for til Amerika med hus-
lyden sin i 1860-åra.

Sume slåttekarar
var i vande med å få
ljåen til å bite i feimbak-
kane. Eller rettare – dei var
i vande med feimgraset.
Det kan vere seigt ein
solskinsdag. – To slåttekarar
frå Bråteit blei i vande
ein gong. Sol dag etter
dag. Og ein dag laut
dei gjå ygr, får me
seie. Då husbonden kom
inn og ville sjå om dei,
sat den eine i bakken
og skar av feimtustane
med tollekniven. Og den
andre sat og gret!

Dette var før 1850-åra

100
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Dei brukte tynsle-går, dei gamle (gamle). Dei hamra fyrst gåen ut på smedje-steet. Sidan hemma dei gåen, og sist gjæ kvatte dei han med vanleg kvatstein. Kvatsteinane fekk dei frå Telemark, frå Eidsborg. Det var og teladølen som lærde suldølene å slipe gåen. Det var i 1830-åra slipe-steinen kom i bruk i Suldal. Fyrst i Kvilldal, frå Bakka-gardane.

Bestefar min, Mikkel Olsen Vikra, brukte tynsleljå all si tid. Han døydde 1872. Og han var ein med dei siste som held på tynsleljåen.

— — —

Den eldste måten å framgjæire høyet heim er truleg slønga. Ein laga ein slede gjertsom av lange bjørkegreiner. Eller ein tok heile bjørka når det var høveleg lengd på ho — 3-4 meter. Så fengde ein høyet i børa. Og la ei eller to børa på sleen, dei sa, og beine. Det er



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

4

minnå dei som slår höyet.
T.d. i Bråtveit. I 1860-åra
kom den fyrste höygestren-
gen. I Kvilldal. Det var
nokre bönder som slo seg
saman om ein streng
der. Den strengen var
nærmast det ein må
kalla ein vier. Han var
lagd saman av fleire stren-
ger. No er alle strengene
heile strenger. Då
strengene kom blei det
vanleg å ha höyet i
**rådder**. Dei ser ut som
ein stormaska håv,
og rømer ei bör höy.
Dei blei bundne på
same gjerd som ein
bund ut fiskegarn.

På gardane
köyrde ein höyet heim
med hest, før ein fekk
strenger — på dei staden
ein kunne fare med
hest og slede då. Anna
husmennene slödde höyet.
Eller dei drog höyet heim
sjölve på kjelke. — Var
det bratte bakkar, så
resta dei, som dei sa.
"Dei feste ein vidje-
binding kring eine
meiden. No dei siste åra,
frå 1910 omlag, har dei brukt
[illegible]

me

100

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

Det er gammelt med høystakkar i Suldal. Og dette bergingsmåten er nytta enno t. d. i Bråtveit. Husmennene hadde ofte berre stakkslåtter. Og dei var det ~~var det~~ mange av i Suldal, sers frå 1820-åra og fram til 1860-åra – då utvandringa til Amerika tok til. Eg har talt til 123 husmannsplass som no ligg øyde.

Når ein skul stakkje, sette ein fyrst opp stakk-stonga. På berre slåttene laut ein bere stakkstong med seg frå nedaste staugen. Stonga barkte ein godt, så ho blei glatt. Høyet måtte få sige godt saman i stakken, må vite – og ikkje hengje seg fast i kvist-stubbane på stonga. Så la ein fangje på fangje rundt stonga. Ein brukte ofte ei rive som var større enn dei vanlege rake-rivåne til dette. Ein mann stod i stakken og trødde til. Sers var det om å gjere å trø godt til inn-med stonga, så ikkje vatn fekk sige med langs-

100

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

med stonga. Det var ofte husbonden sjølv som stod i stakken. Det gjekk vanleg 12–15 børar i ein stakk. Øvst på stakken la dei ofte ei stor torve – stakk ho gjennom med på stonga. Det livde og for regn og væte. Elles på skjemde ein stakken. Den vanlege forma på høystakkane var, og er.



Ein sette og ofte eit rissgjerde kring stakken, så ikkje store krøtera skulle kome innåt og riva han sund.

Frå 1870-åra blir det bygt meir løer, og nå minkar det med stakkane. Løene er oftast bygde av furu-stokkar, men òg av bjørk og osp. Eg har sett løer av osp og bjørk frå siste luten av 1700-talet. Når ein berre held tekja ved lag, kan ein løe stå eitpar hundre år her i den turre fjellufta. Ein brukte jamt never og tak til tekje. Og brake til torvalskrokar. Og jamt furu til torval og – mest med al. i tre aetst…

100

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

og bruken - di best
som var det dragsleden.
Seinare fekk ein hjul-
sledar, med gjendar
kring.

Ein vanleg dragslede
var 2-2,5 m. lang. og 70-80
cm. breid med tjukke-
eller aske meiar. Desse
meiane var lagde oppå
drågå. Ein vanleg meia-
sleden har dråga fest ut
meiane med ei tverrstong,
- övst oppe i böie på
meiane. På meiasleane
var alltid meiane opp-
bygde framme som
på skia. Men dragsleden
hadde beine meiar, og
måtte difor leggjast oppå
drågå - skulle han kje
ta mei i på ein steinut
veg.

Meiasledane brukte
ein berre på snöføret.
Dragsledane berre i
lökko. Meiane på
vinnarsleden, meiasleen
hadde alltid sjölvvakse
böye.

Ein hadde ikje jarn
skoning under meiasleane
før. Det kom i bruk kring
1890. Nå er det ålment.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

I ein høybør reknar ein 4-5 fenggjer. I eit lass-or heia - 3-4 børar.

Børetøget var jamt av lindebast. Men kneppe-tøget til å feste høylasset var reip, av kyr- og studeskinn. Hegla var jamt av brake eller eik.

Når ein ber ei høy-bør, har ein jamt tøget over akslene, og alltid ein til å hjelpa seg opp med børa. Hjelpesmannen slær attom børa jamt.

Dette med å ha høyet i rådder, er frå 1880-åra. Rådda er bunden som eit grovmaska garn, med maskar frå 6-8 cm, og er helst av hampe.

Det vanlege var å bera høyet i bør heime. Det til for 10-15 år sidan kunne ein sjå bønder i Suldal, då mest i hamrane langs med Suldalsvatnet, som bar det sjølv — og let hestane gå fritt i heia med sumaren. Hestane hadde dei då berre til å kløyve med frå og til stølen.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

100